

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Elverum.

Emne: Bålbrenning på visse dagar i året.

Bygdelag: Bjørsetgrenda.

Oppskr. av: Olav Furuset.ø

Gard: Sandaker.

(adresse): Jømna st.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Småbrukar Olai Sandaker, 70 år 1959, Jømna st.

SVAR

1. Varme, t.d. sankthans varme. Somme seier kas, men eg meiner at ordet kas har meir med brenning i samband med nydyrking å gjera.

2. Ikkje kjent.

3. Ikkje kjent.

Tida.

4. Slike tradisjonar finner ein ikkje lengre. Men i folke-minnesamlingane til Sigurd Nergaard ser ein at jolekvelden skulle ein brenne 9 slags ved på muren.

5. Ukjent.

6. Ukjent.

7. Ukjent.

8. Dei brente bål jonsok-kvelden.

9. Dei brente bål om kvelden 17. mai.

10. Ikkje kjent. Dei gjorde nok opp eld og dreiv krøttera gjennom røyken for å skrema bort åtet. Men at dette vart gjort på faste dagar i året har eg ikkje høyr.

11. Ukjent.

12. Ukjent.

13. Ukjent.

14. Der Jømnåa fell ut i Glåma ligg ei eng vi kaller Eriken.
Her har det vore skikken å samlast til fest jonsokkvelden.
Her har det da vore skikk å brenne jonsokbål kvar jonsok gjennom lang tid.
15. Ikkje kjent.
16. Det har ikkje vore skikk å brenne bål på kvar gard.
Eit unnatak eg kan nemna er "Frihets elden " dei brente på årsdagen for den tyske kapitulasjon (1946) Da brente dei fleste eit lite bål på garden sin. På ei eng i Hernes i Elverum hadde dei denne kvelden laga til eit kjempe bål som var synleg milevidt ikring.
17. Ukjent.
 Dei som stelte med bålet og tente det.
18. Det er ingen fast regel for kven som skal vera med å brenne bål. Sjølv sagt er ungdomen i fleirtal.
19. Sjølv sagt fekk gjenter og ugifte kvinner vera med.
20. Både vaksne og born er med på dette, nå som før.
21. Eg tala om bålbrekking på Eriken jonsok-kvelden. Etter at A.U.F. tok til å vinna tilhengarar mellom fabrikkarbeidarane på Jømna Brug, har denne organisasjonen stått for bålbrekkinga på Eriken, (I dei siste år har det forresten ikkje vore jonsokmoro på Eriken. Dei har bygd dansegolv nærare Jømna).
22. Ikkje kjent.
 Korleis dei bygde bålet.
23. Ikkje kjent.
24. Det har ikkje vore noen fast skikk for dette så lenge folk kan minnst attende.
25. Ikkje kjent.
 Korleis dei fekk bålvyrkje.
- 26-27-28-~~29~~-29- 30. Ikkje kjent. Dei tok bålvyrkje der det fall seg.

Korleis bålet skulle sjå ut.

31. Ikkje kjent.
32. Det kunne hende at dei kappast om kven som hadde største bålet.
33. Når dei brende bål 17. mai, var det om å gjera å få det til å ryke mest mogleg av bålet. Så drog dei på alt dei fann av rått bar og anna rått verkje.
34. Sjå nr. 33.
35. Ikkje kjent.
- Kva bålet skulle tene til.
- 36-37-38-39. Ikkje kjent .
- Sjølve festen ved bålet.
40. Sjølve festen kalte dei sankthans lek.
41. Ofte var det slik at ungdommen var med på festen, medan dei eldre satt heime. Men noen regel var det ikkje for dette.
42. Nei.
43. Dei kokte kaffe ved bålet. Andre hadde med kaker eller smørbrød. (Jentene).
44. Dei dansa ved bålet.
45. Ofte ville dei vise kor spreke og modige dei var og hoppa over restane av bålet.
46. "Døm kutte gjennom røken så det gøv", fortalde ein.
47. Ikkje kjent.
48. Den 17. mai skulle dei brenne bål. Det skulle ryke så mye som mogleg av det. Da dei hadde bygd ferdig stua Sandaker i 1886, fann dei på feira dette med 17. mai bål. Dei sette fyr på eit tjurukvartil som stod på ei høg stang. På festen vart dei uvenner, og dei skulle til å slåss. Ein som heitte Albert Lømo sprang bort, til låveveggen og tok til å slå i den "Gjør som je",

ropte han. Dette tykte alle var så moro at dei sette i å le. Dermed vart det ikkje meire av slåssinga.

Skikken i dag.

49. Når det er tale om jonsøkbal, ser folk på dette som ein vakker måte til å feira midtsumar. Noen truer er ikkje knytt til det lengre.

50. Min heimelsmann meiner at skikken med bålbrekking har gått mye attende i dei seinare tiår.

51. Dei fleste meiner at dette kjem av at ungdommen i dag samlar seg til fest på større lokaler og festplasser. Dermed blir det få eller ingen til å møte fram på dei gamle bålplassene.